

Framlegg til endringar i forskrift 23. mai 2017 nr. 638 om stadnamn.

Høyringsvar frå Toten dialekt- og mållag

Toten dialekt- og mållag vil for det fyrste seie seg einig i departementet si vurdering av verneområde (s. 18 i høyringsnotatet). Det er nødvendig med eit tydeleg regelverk i samband med namnsetting av nye verneområde. Men det er også viktig at det blir brukt riktige namn. Å bytte ut eit nedarva namn på eit verneområde, slik det vart gjort da *Hengsåsen naturreservat* på Bygdøy i Oslo kommune endra namn til *Prinsesseåsen naturreservat*, er ikkje akseptabelt.

Vi er elles opptekne av dei praktiske konsekvensane som lovendringar og forskriftsendringar på stadnamnfeltet fører til. I denne samanhengen har vi valt å kommentere den nye § 11 i høyringsnotatet: *Statsorgan, fylkeskommunar og kommunar skal* [mi utheving] *bruke den fastsette skrivemåten av stadnamnet, jf. stadnamnlova § 11, i tekstproduksjon, skilting og på kart.* Dette omfattar mellom anna namn på vegar. Det er bra at denne paragrafen kjem inn i forskrifta.

Men fleire kommunar har i mange år sett ut til å meine at dei kan handtere stadnamna akkurat som dei vil. I samband med adresseringsprosjektet vedtok kommunane mange nye vegnamn, og etter at namna var vedtekne, tok det ikkje lang tid før namneskilta grodde opp i vegskråningane. Alle kommunane hadde sjølv sagt det same regelverket å halde seg til, men den som tek seg tid til å sjå kritisk på vegskilta, får eit anna inntrykk. Det er slett ikkje berre offentleg normerte namn som er brukte i vegadressene. I Ø. Toten finst mange vegnamn der fyrste leddet er identisk med dei eigarfastsette bruksnamna, og desse samsvarar som regel med slektsnamna. Her finn vi også namn som Fjeldsvegen, Bratlivegen, Huusegutua og Kihlevegen, dvs. namn med typiske spor av skrivemåtar frå dansketida.

Valdres-kommunane har derimot gått svært langt når det gjeld å gi vegnamna dialektfarga skrivemåtar. I Nord-Aurdal finn ein m.a. vegskilt med namn som Søreisvegen og Graneisvegen i staden for Sørheimsvegen og Granheimsvegen. I rask og litt utydeleg daglegtale høyrer ein knapt at det er ein «h» og ein «m» i desse namna, men det er neppe opplagt for alle som reiser etter vegane i Valdres, at «Granei» faktisk er det same som «Granheim». I Valdres-kommunane finst også mange døme på at bakkane blir til «bakkatn» eller «bakkadn». I Skjåk har «Nordre Dalane» vorte til «Nørdre Dalain». Spørsmålet er om ikkje skrivemåten bidreg til å skjule meiningsinnhaldet, slik formålet med lova er at skrivemåten ikkje skal gjera. Vi er klar over at regelverket er opna for at lokale dialektformer kan veljast, men vi meiner enkelte kommunar går altfor langt når det gjeld å bruke dialekt på kart og vegskilt. Like gale er det når skrivemåtar frå dansketida blir idealet. (Sjå bilde av nokre vegskilt frå Østre Toten, Nord-Aurdal og Skjåk på neste side.)

Toten dialekt- og mållag ønsker ein meir heilskapleg og konsekvent namnepolitikk. Det spørst derfor om det ikkje ville vera fornuftig om avgjerdene blir tekne på statleg nivå. Namnefagleg kompetanse er viktig, og denne kompetansen har ikkje kommunane.

For Toten dialekt- og mållag, april 2021

Jorunn Årsby (leiar)



På desse tre vegskilta frå Østre Toten finn vi *fjell* med *d*, *bratt* med éin *t* og lange vokalar som blir markerte med dobbel vokal.



I Nord-Aurdal har «Sørheimsvegen» og «Ranheimsvegen» vorte til «Søreisvegen» og «Raneisvegen».



I Skjåk har «Nordre Dalane» vorte «Nørdre Dalain».

